

Museum Stavanger AS

Museum Stavanger AS

Muségt. 16, Stavanger
Telefon: 51 84 27 00
E-post: post@stavanger.museum.no
[Link til heimeside](#)

Museum Stavanger AS oppstod 1. juli 2010 ved konsolideringen av Stavanger Museum og Rogaland Kunstmuseum.

Tidlegare Stavanger Museum, etablert 1877, var det eldste museet i fylket. Museet har gitt ut eiga årbok sidan 1891 og informasjonsavisa Museums-Tidende med fire nummer årleg frå 1991 til museet etablerte eiga nettside.

Dei første tiåra samla museet gjenstandar innafor områda arkeologi, zoologi, etnografi og kulturhistorie. I dag er Museum Stavanger AS region- og ansvarsmuseum for Stavanger kommune. Men det finst gjenstandsmateriale frå heile fylket ved museet sidan dette er den eldste offentlege bevaringsinstitusjonen i Rogaland, og sidan museet i mange år hadde eit generelt fylkesansvar.

Sjølv om Museum Stavanger AS no er eitt av fem regionmuseum, er det også eit spesialmuseum med eit generelt ansvarsområde innafor områda zoologi, sjøfart og hermetikkindustri. Fleire fagavdelingar ved museet har fotografisk materiale i privatarkiv eller som samlingar. Dei tre avdelingane med det mest omfattande fotomaterialet er Stavanger bymuseum (tidlegare Kulturhistorisk avdeling), Stavanger sjøfartsmuseum, stifta som eiga avdeling i 1926, og Stavanger skolemuseum (tidlegare Vestlandske Skolemuseum). Skolemuseet vart ein del av Stavanger museum frå 2008.

Alder og spesialområde avspeglar også fotoarkiva og fotosamlingane ved museet. Det finst fotomateriale frå heile fylket ved Stavanger bymuseum, først og fremst dokumentasjonsfoto av gjenstandar og bygningsmiljø frå perioden etter 1537. Stavanger bymuseum og Arkeologisk museum i Stavanger har dei to eldste dokumentasjonsarkiva av musea i fylket. Arkeologen Anton W. Brøgger som var direktør ved dåverande Stavanger Museum i åra 1909-1913, fotograferte f. eks. eldre bygningsmiljø i Rogaland i 1910 og 1913, særleg kyrkjer, både interiør og eksteriør. Desse negativa utgjer no eldste delen av dokumentasjonsarkivet ved Stavanger bymuseum.

Arkeologisk museum i Stavanger fekk sin del av dokumentasjonsarkivet med seg då museet vart skilt ut som sjølvstendig institusjon i 1975. Dette arkivet står i ein klasse for seg når det gjeld eldre fotografisk materiale ved musea.

Det systematiske fotobeveringsarbeidet ved dåverande Stavanger Museum tok til i 1981 etter retningslinjer og utstyr frå dåverande SFFR, Sekretariatet for fotoregistrering. Årsmeldingane til museet frå 1981 og framover har felles presentasjonar av fotobeveringsarbeidet ved dåverande Kulturhistorisk avdeling og Stavanger Sjøfartsmuseum. I 1980-åra utførte dei to avdelingane fleire fellesprosjekt med reprofotografering av innlånt, privat fotomateriale, mellom anna fotografi frå andre verdskrigen og frå frigjeringsdagane i mai 1945 til utstillinga "Da freden kom" (1985).

Stavanger bymuseum

Stavanger bymuseum tek i prinsippet vare på alle typar fotografisk materiale med kulturhistorisk innhald. Avdelinga har fleire store fotoarkiv, som Thor B. Kielland-arkivet (glasnegativ som går tilbake til ca. 1912), ei stor portrettsamling etter familien Kielland, ei stor album- og negativsamling etter familien Berentsen på Breidablikk, K. K. Kleppe-arkivet med ca. 11 500

glasnegativ for å nemna nokre av arkiva og samlingane.

Det eldste dokumentasjonsarkivet til museet er bygt opp av positivar som høyrer til det eldre korrespondansearkivet ved avdelinga. Båe er ordna topografisk og etter same emneinndeling.

Stavanger bymuseum har også eit nytt dokumentasjonsarkiv med fotomaterialet som er produserte internt ved tre av avdelingane ved museet i 1980-åra og framover. Dette utgjer ein nyare del av dokumentasjonsarkivet til bymuseum og Stavanger naturhistoriske museum og til Norsk hermetikkmuseum. Det aller meste av materialet er frå Stavanger bymuseum, mellom anna gjenstandsfotografi og fotografi frå museet sine eigedomar Ledaal og Breidablikk.

Stavanger sjøfartsmuseum

Stavanger sjøfartsmuseum tek i prinsippet vare på alle typar fotografisk materiale og har fleire større fotografarkiv, som negativarkiva etter Julie Lund, Steinkopf Wold, Jan Greve og Erling Søyland. Sjøfartsmuseet prioriterer materiale tilknytta skip og sjøfart og har privatarkiv med samlingar av foto og data av om lag 25 000 fartøy i internasjonal skipsfart, hovudsakleg frå perioden 1970-1998, større rederiarkiv som Sigval Bergesen d.y. og fotografi-delen av arkivet etter Det Stavangerske Dampskibsselskab.

Sjøfartsmuseet har også eit stort eigenprodusert dokumentasjonsarkiv. Denne avdelinga ved Museum Stavanger AS har nemleg i lang tid prioritert ei aktiv dokumentasjons-fotografering og har bygt opp eit stort fagarkiv over skip og sjøfart generelt. Sidan 1997 har museet arbeidd med det store prosjektet *Rogalandsbåtar*. Til dette har museet etablert ein stor database med fotografi (dias og digitale foto) og skriftleg informasjon om opne robåtar, mindre motorbåtar og båtbygging i fylket.

Norsk hermetikkmuseum

Norsk hermetikkmuseum vart etablert i 1982. Museet har ikkje eldre fotoarkiv men enkeltfotografi, film (levande bilete) frå sardinproduksjonen hos Stavanger Preserving i 1949 og 21 nyare opplysnings- og reklamefilm frå hermetikkindustrien i Stavanger. Museet deponerte desse filmene ved Stavanger byarkiv i 1983 og 1989. Hermetikkmuseet har også eit stort eigenprodusert dokumentasjonsarkiv, eit diasarkiv over hermetikketikettar.

Stavanger skolemuseum

Stavanger skolemuseum vart etablert i 1925 som spesialmuseum for skulehistorie i Rogaland fylke, under navnet Vestlandske Skolemuseum. Målet var å visa utviklinga i grunnskulen frå 1700-talet og fram til i dag. Gjenstandsmaterialet er ulike typar pedagogisk materiale som lærebøker og plansjar, skuleinventar og elevarbeid som teikningar, sløydgjenstandar og handarbeid. Museet har ei stor samling eldre skulebøker og anna pedagogisk litteratur og ei stor lydbandsamling. Frå 1984 har museet gitt ut eiga årbok. I 1985 vart samlingane flytta til den gamle skulebygningen ved Kvaleberg skole i Hillevåg der museet vart opna offisielt i 1987. Museet skifta navn til Stavanger skolemuseum 1. juli 2010.

Størsteparten av det fotografiske er materialet er dias-seriar og filmar til undervisningsbruk. Den nest største gruppa er dokumentasjons-bilete (gjenstandar og aktivitetar ved museet), særleg frå 1960-åra og framover. Museet har dessutan ei samling skulebilete (elevbilete), portrett og andre bilete med privat opphav.

Skulemuseet har fem typar fotomateriale teknisk sett: Positivar, negativ, hovudsakleg plastnegativ i svart-kvitt og farge frå 1960-åra og framover, eldre diapositiv (glas), nyare dias (plast) og levande film (svart/kvitt). Tematisk kan fotomaterialet delast i tre hovudgrupper: Dokumentasjonsfoto der det aller meste er frå etter 1960, skule- og elevbilete (gåver o.a. frå skular og private) og eldre dias og levande film til undervisningsbruk.

Det er denne siste gruppa er spesiell for skulemuseet samanlikna med andre bevaringsinstitusjonar i fylket. Dei mange film, dias og diapositivsamlingane tek opp ulike tema, som f. eks. seriane på 2654 diapositivar frå Nylund skole i Stavanger frå 1915-1945. Dias-seriane har ulikt opphav. Fleire er produserte av A. Seemann i Leipzig og høyrer til "Nerlien Lysbilledserie". Skulemuseet har også 350 filmar frå Rogaland Skolefilmcentral.

[Link til heimeside](#)